

Austrheim kommune
Sætremarka 2
5943 AUSTRHEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/5871 - 21/45796

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:
30.06.2021

Forlenging av frist - Bakkeplanering GBNR 131/9 på Austrheim

Oversender vedtak frå landbruksavdelinga som skal leggjast inn i kommunen sitt sakssystem, og sendast ut til søkjar.

Vedtak

Austrheim kommune godkjenner at Stian Vikebø får løyve til å fylle på reine masser og planere ut 11 daa, som avmerkt på kart, på gnr/bnr 131/14 i Austrheim kommune. (ref vedtak 19.06.2015) Arealet skal opparbeidast til beitemark.

Vedtaket har heimel i Forskrift om begrensing av forurensing kapittel 4. Anlegg, drift og vedlikehald av planeringsfelt.

Vilkår for løyve:

1. Grunneigar Stian Vikebø har gitt skriftleg løyve til tiltaket før igangsetjing.
2. Det skal under opparbeiding av feltet takast omsyn til kjende kulturminne (verneverdig eldre driftsbygning og fleire steingardar) Dersom det kjem fram andre kulturminne under arbeidet må alt arbeid stogkast, og Hordaland fylkeskommune varslast (Telefon 55 23 90 00).
3. Det skal kunn nyttast reine masser som definert av forureiningsforskriftas normverdier.
4. Søkjar er ansvarleg for at vegmynde er orientert og at naudsynte løyve er på plass før igangsetjing.
5. Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med Tekniske retningslinjer for anlegg, drift og vedlikehald av planeringsfelt fastsett av Landbruksdepartementet.
6. Området skal såast til så snart det er teknisk mogeleg.
7. Søkjar skal melde til landbrukskontoret ved ferdigstilling av tiltaket jf. §4-8

Vedtaket er gyldig til 30.06.2023

Saka gjeld:

Søknad om utsetjing av frist for ferdigstilling av bakkeplanering på GBNR 131/9 i Austrheim. Dåverande eigar fekk i 2016 godkjent eit område for bakkeplanering. Det vart sett svært kort frist for ferdigstilling i vedtaket, og med kunnskapen ein har i dag veit me att det gjerne tek

nokre år før jorda vert lagleg til å planera utover. I 2020 kom det nye eigarar på bruket og dei har ynskje om å ferdigstillta dette arbeidet, men treng lenger tid.

Vurdering

Landbruksavdelinga var saman med Austrheim kommunen og grunneigarane på synfaring 22.06.21. Hovuddelen av massane som skal til for å ferdigstillta tippet, og det er ei føremon at dei har fått lagt å tørka før utplanering. Det er ingen endringar i høve til planen som vart godkjent i 2015 og arbeidet som er utført så langt er utført i tråd med vedtaket. Det er gjort ny avtale med entreprenør som er sendt inn saman med søknad om utsetjing. Området rundt er allereie i bruk som beite, og det vil vera ei god driftsmessig løysing at arealet vert opparbeidd.

Landbruksavdelinga meiner det er fornøffig at fristen vert forlenga slik at tippet kan gjerast heilt ferdig. Grunneigarane er nye bønder som har trong for meir beiteareal, og det er difor viktig for å sikra drifta på bruket å få gjort dette arbeidet ferdig. Det er positivt at lokale overskotsmassar av god kvalitet kan nyttast til forbetring av jordbruksareal.

Tiltaket vart vurdert i høve til naturmangfaldlova og kulturminnelova i 2015 og det er difor ikkje naudsynt med ny vurdering eller ny høyring for å ferdigstillta arbeidet.

Arbeidet må utførast i tråd med søknad, plan og vedtak frå 2015t og må vera ferdigstilt til 30.06.2023.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Austrheim kommune
Stian Fønnes Vikebø

Sætremarka 2
Ervikvegen 30

5943 AUSTRHEIM
5953 FONNES